

Tor Morten Normann

Notater

**Undersøking om det lokale
sjølvstyret**
Dokumentasjonsrapport
Korrigert versjon

Innhald

1.0 Innleiing	2
2.0 Utval	2
2.1 Utvalsstrategi	3
3.0 Datafangst	5
3.1 Telefonintervju	5
3.2 Pretest	5
3.3 Postalt spørjeskjema	5
3.4 Feltperiode og svarinngang	5
3.5 Svar og fråfall	6
4.0 Datakvalitet	10
4.1 Skeivskap i utvalet	10
4.2 Utryggleik og feilmargar	14
4.3 Innsamlingsfeil og feil i handsaminga	14

Tabellar

Tabell 1. Nøkkeltal	2
Tabell 2 Oversikt over kommunane i utvalet	4
Tabell 3 Fråfall etter årsak i telefonintervjuet	7
Tabell 4 Bruttoutval og nettoutval etter kjønn, alder og utdanning fordelt på stratum	7
Tabell 5 Vekter for respondentar i kvar kommune	10
Tabell 6 Totalt bruttoutval og nettoutval etter kjønn, alder og utdanning	12
Tabell 7 Estimerte parametere i responsmodellane	13
Tabell 8 Forventa standardavvik for observerte prosentdelar i ulike utval	14

Figurar

Figur 1	6
Figur 2	6

Vedlegg

- Pretest-skjema
- Informasjonsbrev til respondentar
- Følgjebrev til det postale skjemaet
- Takke-/påminningsbrev
- Purrebrev
- Påminningskort
- Instruks til intervjuarane
- Spørjeskjema (telefon)
- Spørjeskjema (postal)

1.0 Innleiing

Våren og sommaren 2001 gjennomførde Statistisk sentralbyrå ei undersøking om folk sitt tilhøve til det lokale sjølvstyret, Undersøkinga om det lokale sjølvstyret (Storleik og lokaldemokrati i Noreg) 2001. I dette notatet legg Statistisk sentralbyrå fram metodisk dokumentasjon frå denne undersøkinga. Prosjektet er støtta av Norsk Forskingsråd. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Institutt for statsvitskap ved Universitetet i Oslo. Kontaktperson ved Institutt for statsvitskap var Lawrence Rose. Seksjon for intervjuundersøkingar sto for gjennomføringa av undersøkinga. Tor Morten Normann var planleggjar for undersøkinga, Øyvin Kleven fungerte som rådgjevar. Grete Korsvoll var ansvarleg for kontakten med intervjuarane. Utvalet vart trekt av Glenn Erik Wangen, medan Anne Kathrine Jernberg og Rune Steffensen sto for programmering av skjema og filetablering. Utsending av materiell til undersøkinga vart gjort av Ibrahim M. Shaikh og Ole Morten Lie. Stein Opdahl ved Seksjon for internasjonal statistisk rådgiving ytte verdifull bistand med utarbeidinga av vektorer (*pkt. 4.1*).

Undersøkinga var del av eit internasjonalt prosjekt, der same undersøking vart gjennomført i Danmark, Nederland, Sveits og Storbritannia. Eit gjennomgåande trekk i Europa dei seinare åra har vore at lokale einingar i offentleg styring har vorte tillagt fleire og meir omfattande oppgåver i den offentlege tenesteytinga. I mange tilfelle har dette òg ført til at dei lokale einingane har vorte større. Dette har vore funksjonelt grunngeve ut frå auka krav til kapasitet og tenesteyting. I denne prosessen har ofte verknaden på kvaliteten til demokratiet vorte oversett. Denne undersøkinga spring ut frå problemstillingar knytt til dette, då meir spesifikt korleis storleiken på dei administrative einingane (kommunar) verkar inn på den politiske deltakinga og den politiske representasjonen. Storleik er her knytt til innbyggjartal. Ein ville òg studere kor nøgd folk er med det lokale sjølvstyret og det offentlege tenestetilbodet frå kommunane, og kva for tilhøve som er med på å påverke dette. Denne publikasjonen er ein dokumentasjon av gjennomføringa av undersøkinga, og inneheld såleis ikkje nokre resultat frå sjølve undersøkinga.

Tabell 1. Nøkkeltal

Nøkkeltal	Tal	Prosent
Utval (personar trekte ut til å delta)	3318	
Avgang (personar utanfor målgruppa, døde, personar flytt til utlandet, og personar fast busett på institusjon)	59	
Bruttoutval	3259	100
Fråfall telefonintervju	1068	32,8
Fråfall postalt skjema	566	17,4
Nettoutval (personar det vart oppnådd intervju (telefon og postalt skjema) med)	1625	49,9
Innsamlingsmetode: Telefon og Postalt skjema		
Feltperiode: 12. februar - 5. juni (telefon) og 26. februar - 30. juli (postal)		
Intervjutid: 25 minutt		
Lengd postalt skjema: 16 A4 sider		

2.0 Utval

Utvalet bestod av 3318 personar fordelt på 64 ulike kommunar. Sidan storleiken på den administrative eininga var viktig for denne undersøkinga, var det viktig at utvalet vart trekt frå kommunar med ulik storleik, og helst med størst mogleg spreiding. For å oppnå dette vart kommunane delt inn i 8 ulike strata på grunnlag av storleik (mengd innbyggjarar). Innafor kvart stratum vart kommunane ordna i stigande rekkjefølgje ut frå innbyggjartal. Deretter vart det bestemt eit tilfeldig startpunkt i lista, og åtte kommunar i kvart stratum vart trekte etter eit systematisk prinsipp for utveljing. Oversikt over

kommunane finn ein i tabell 2. Sidan vart personane til undersøkinga trekte innanfor kvar kommune. Denne trekkinga vart gjort ut frå eit prinsipp om tilfeldig utveljing av personar i alderen 18 - 80 år. Av desse gjekk 59 personar til avgang. Etter å ha trekt frå desse frå sto vi attende med eit bruttoutval på 3259 personar.

2.1 Utvalsstrategi

Landsomfattande surveyundersøkingar som vert gjennomført i Noreg gjev som regel eit representativt bilete av befolkninga sett under eitt. Men slike undersøkingar er lite egna når siktemålet er å analysere høve som gjer seg gjeldande i dei politisk-administrative forvaltningseiningane i landet, då særleg kommunane. Årsaka til dette er at det er så mange små kommunar i Noreg (over av 55 % av kommunane hadde i 1999 under 5000 innbyggjarar). Personar busette i dei minste kommunane utgjer ein liten del av befolkninga, og vil difor også utgjere ein liten del av eit landsomfattande utval dersom det vert trekt tilfeldig. Det var difor nødvendig med ein utvalsstrategi som motverka dette, og det var naturleg å nytte stratifisert utveljing, der storleiken til kommunane vart nytta som variabel for stratifisering. I inndelinga vart det lagt vekt på å oppnå balanse mellom fordelinga av kommunar på den eine sida, og fordelinga av befolkninga busett i dei ulike strata på den andre. Følgjande stratifisering vart vald:

Stratum 1:	Kommunar med inntil 2 500 innbyggjarar
Stratum 2:	Kommunar med 2 501 - 5 000 innbyggjarar
Stratum 3:	Kommunar med 5 001 - 7 500 innbyggjarar
Stratum 4:	Kommunar med 7 501 - 10 000 innbyggjarar
Stratum 5:	Kommunar med 10 001 - 15 000 innbyggjarar
Stratum 6:	Kommunar med 15 001 - 25 000 innbyggjarar
Stratum 7:	Kommunar med 25 001 - 50 000 innbyggjarar
Stratum 8:	Kommunar med over 50 000 innbyggjarar

Dette var utgangspunktet for trekkinga av eit tilfeldig utval bestående av tilnærma like mange personar i kvar kommune. Ein skylder å gjere merksam på at dette fører til ein disproportjonalitet i samansettinga av utvalet, noko som må korrigerast med vektorer dersom ein ønskjer å berekne resultat for to eller fleire kommunar samla (vektene vert omtala i pkt 4.1). Ein bør òg hugse at innbyggjartalet ikkje er identisk med populasjonen som utvalet vart trekt frå, då populasjonen er avgrensa i høve til alder. Fordelen med denne strategien er at man får fleire respondentar i dei små kommunane, og difor meir robuste analysar.

Eit utgangspunkt for denne undersøkinga var å kunne gjere multinivå-analysar, der ein skil mellom effektar på to ulike nivå. Det eine nivået er knytt til kvar enkelt respondent og det andre til område (den politisk-administrative eininga, kommunen). Ein slik analyse forutsett at utveljinga foregår i to trinn, først vel ein kommunar og så personar i kvar kommune. Kor mange einingar ein treng på kvart trinn er det noko usemje om, men eit minstemål er på om lag 60 område (kommunar) med om lag 30 respondentar i kvart område. I denne undersøkinga vart det trekt ut 64 kommunar, og ein tok sikte på eit nettoutval på om lag 30 respondentar i kvar kommune.

Tabell 2 Oversikt over kommunane i utvalet

Kommunenr	Kommune	Innbyggjartal	Stratum	
1144	Kvitsøy	523	1	Inntil 2 500
1740	Namsskogan	989		innbyggjarar
1633	Osen	1194		
1815	Vega	1414		
1859	Flakstad	1575		
1725	Namdalseid	1831		
0441	Os	2148		
1940	Kåfjord - Gaivuotna	2369		
1711	Meråker	2637	2	2 501 - 5 000
1430	Gaular	2886		innbyggjarar
2025	Deatnu - Tana	3074		
1543	Nesset	3289		
1231	Ullensvang	3562		
0137	Våler	4059		
2020	Porsanger	4451		
1868	Øksnes	4758		
1621	Ørland	5037	3	5 001 - 7 500
0418	Nord-Odal	5089		innbyggjarar
1017	Songdalen	5455		
1424	Årdal	5797		
0135	Råde	6217		
1535	Vestnes	6530		
0901	Risør	7000		
0419	Sør-Odal	7349		
1228	Odda	7727	4	7 501 - 10 000
1866	Hadsel	8321		innbyggjarar
1238	Kvam	8592		
0926	Lillesand	8816		
1018	Søgne	8929		
1865	Vågan	9229		
2030	Sør-Varanger	9532		
0125	Eidsberg	9703		
1130	Strand	10122	5	10 001 - 15 000
1219	Bømlo	10739		innbyggjarar
0211	Vestby	11815		
0807	Notodden	12272		
0534	Gran	12877		
0136	Rygge	13288		
1824	Vefsn	13553		
1243	Os	13896		
0216	Nesodden	15448	6	15 001 - 25 000
2012	Alta	16837		innbyggjarar
0237	Eidsvoll	17524		
1246	Fjell	18178		
1124	Sola	18915		
1702	Steinkjer	20459		
0626	Lier	21308		
1502	Molde	23710		
1833	Rana	25255	7	25 001 - 50 000
0104	Moss	26633		innbyggjarar
0605	Ringerike	27917		
0412	Ringsaker	31622		
1149	Karmøy	36971		
0706	Sandefjord	39317		
1804	Bodø	41367		
0806	Skien	49592		
1102	Sandnes	52998	8	Over 50 000
0602	Drammen	54816		innbyggjarar
0106	Fredrikstad	67761		
1001	Kristiansand	72395		
1103	Stavanger	108818		
1601	Trondheim	148859		
1201	Bergen	229496		
0301	Oslo	507467		

3.0 Datafangst

3.1 Telefonintervju

Første del av undersøkinga vart gjennomført ved intervju over telefon der intervjuaren tasta svara direkte inn i dataprogrammet Blaise. Undersøkinga inneheldt ikkje spørsmål av ein karakter som gjorde det nødvendig med besøksintervju.

3.2 Pretest

Før sjølve undersøkinga tok til vart det òg gjennomført ein pretest. Det vil seie at enkelte tilfeldig valde respondentar vart kontakta og intervjuet for å teste kor vidt skjema og spørsmål fungerte tilfredsstillande. Pretesten vart gjennomført den 5. februar, og i alt 22 personar vart intervjuet. Av desse var 11 menn og 11 kvinner, 3 var mellom 18 og 25 år, 12 mellom 26 og 44 år og 7 mellom 45 og 79 år. Personane som vart intervjuet var busette i Østfold, Oslo, Akershus, Trøndelag, Møre og Romsdal, Nordland og Hedmark. Under intervjuinga vart det nytta eigne pretest-skjema kor intervjuarane førte opp reaksjonar frå respondentane og eigne reaksjonar på spørjeskjemaet. Pretest-skjema er vedlagd denne rapporten. Som følgje av pretesten vart det gjort endringar i nokre få spørsmål, sidan desse ikkje hadde fungert tilfredsstillande.

3.3 Postalt spørjeskjema


Alle som deltok i telefonintervjuet vart tilsendt eit spørjeskjema i posten. Skjema vart sendt ut i puljar basert på svarinngangen frå telefonintervjuet. Om lag to veker etter utsending av skjema fekk alle tilsendt eit brev der vi takka dei som hadde sendt inn skjema, og minna dei som enno ikkje hadde sendt inn på undersøkinga. Etter ytterlegare to veker fekk alle som ikkje hadde sendt inn skjema tilsendt eit purrebrev og eit nytt skjema. Sidan vi ikkje var nøgde med svarinngangen sendte vi i tillegg ut eit påminningskort til 480 respondentar den 7. juni. Då det viste seg at dette heller ikkje hadde tilstrekkeleg effekt på svarinngangen, valde vi å setje i gang med purring over telefon frå og med veke 26. Vi ringde til respondentar som hadde fått tilsendt spørjeskjema og spurde om dei kunne tenkje seg å sende inn skjema. Dersom dei mangla skjema sendte vi ut nytt. Telefonpurringa vart konsentrert om dei kommunane der vi hadde færrest returnerte skjema. På grunnlag av dette vart det sendt ut 101 nye skjema. 52 skjema kom inn som følgje av telefonpurringa.

3.4 Feltperiode og svarinngang


Intervjuet over telefon vart gjort i perioden 12. februar til 5. juni. Utsendinga av det postale skjemaet starta 26. februar.

Telefonintervjuinga var i utgangspunktet planlagt gjennomført av det sentrale Cati-korpset i Oslo. På grunn av problem med kapasiteten i Cati-korpset vart vi undervegs nøydde til å sende ut om lag halvparten av utvalet til dei lokale intervjuarane. Dette var gjort i veke 10. Vi ser difor at svarinngangen for telefonintervju var relativt liten tidleg i feltperioden, men auka raskt frå og med veke 10, slik at vi etter 8 veker hadde gjennomført nesten 90% av intervjuet. Oversikt over talet på gjennomførte intervju fordelt på veker finn ein i figur 1. For å auke svarprosenten vart feltperioden noko forlenga i høve til planlagt, og det vart gjennomført intervju fram til og med veke 23. Vi nådde til slutt ein svarprosent på 67,2 av bruttoutvalet. Oversikt over svarprosent undervegs i intervjuinga finn ein i figur 2. Postale spørjeskjema vart sendt ut frå og med veke 9. I alt var det sendt ut 2191 skjema, og av desse vart 1625 innsendte i utfylt stand. Det utgjør 74,2% av utsende skjema, og 49,9% av bruttoutvalet.

Figur 1



Figur 2



3.5 Svar og fråfall

Til saman 59 personar viste seg å ikkje høyre til populasjonen. Dette gjeld personar som er døde, har flytta til utlandet, eller som har flytta til ein kommune som ikkje er med i utvalet av kommunar. Bruttoutvalet er difor på 3259 personar. Av desse personane oppnådde vi telefonintervju med 2191. 1068 personar gjekk til fråfall etter å ha blitt kontakta, eller freista kontakta mange gongar utan hell.

Tabell 3 syner fråfallet i telefonintervjuet etter årsak. Vi ser at relativt mange av dei som vart kontakta ikkje ønskte å delta. Spesielt høgt var talet på dei som ikkje ønskte å delta mellom kvinner, der heile 26% ikkje ønskte å delta. Vi ser og at denne delen aukar med alder. Dette er uheldig for kvaliteten, og ein bør sjå nærare på korleis undersøkinga vart presentert overfor respondentane slik at ein kan motverke dette i seinare undersøkingar. Ein del av utvalet lukkast vi dessutan ikkje å kome i kontakt med (6,8%). Ikkje overraskande gjeld dette i størst grad for dei yngste respondentane, men og for menn generelt. Samanlikna med andre liknande undersøkingar i SSB er ikkje 6,8% eit spesielt høgt tal, men problemet med å treffe dei yngste respondentane og menn ser ein òg i andre undersøkingar. Ein ser dessutan relativt store variasjonar mellom strata og landsdelar, utan at vi her skal spekulere i årsaker til dette.

Tabell 3 Fråfall etter årsak i telefonintervjuet

	I alt	Intervju	Ønsker ikkje å delta	Forhindra frå å delta	Ikkje kontakt	Anna fråfall	Personar
I alt	100	67,2	21,4	3,6	6,8	0,9	3259
Kjønn							
Menn	100	70,1	17,0	2,8	9,2	0,9	1657
Kvinner	100	64,2	26,0	4,4	4,4	0,9	1602
Aldersgrupper							
18-24	100	71,4	14,5	0,6	12,2	1,3	311
25-44	100	71,1	18,2	1,2	8,7	0,8	1180
45-66	100	67,7	22,8	2,4	6,1	1,0	1268
67-79	100	56,8	28,9	12,8	0,9	0,7	461
80-	100	25,6	41,0	30,8	2,6	0,0	39
Stratum							
1	100	68,8	23,0	2,6	4,7	0,8	382
2	100	70,7	18,3	4,3	5,6	1,1	372
3	100	64,8	23,9	3,8	6,6	0,9	423
4	100	65,8	23,7	3,7	6,6	0,2	409
5	100	70,7	22,4	1,3	4,6	1,0	392
6	100	67,0	20,1	4,3	7,9	0,8	394
7	100	60,0	23,1	4,5	11,5	0,9	442
8	100	71,0	16,9	4,3	6,5	1,3	445
Landsdel							
Oslo og Akershus	100	69,3	20,5	3,4	5,9	1,0	205
Hedmark og Oppland	100	59,9	27,6	4,8	6,6	1,1	272
Østlandet ellers	100	63,7	19,5	5,2	10,8	0,8	636
Agder/Rogaland	100	66,5	23,0	2,6	6,3	1,6	570
Vestlandet	100	72,4	20,3	2,7	3,9	0,7	587
Trøndelag	100	70,1	22,5	2,8	3,9	0,6	355
Nord-Norge	100	67,5	20,0	3,8	8,0	0,6	634

Av dei som fekk tilsendt spørjeskjema var det 5 som returnerte blankt skjema. 565 personar valde å ikkje returnere skjema, og vart difor registrerte som fråfall. På grunn av at vi ikkje har direkte kontakt med respondentane i ei postal undersøking, kan vi ikkje seie noko om årsakene til at nokre vel å ikkje delta. Tabell 4 syner fordelinga i bruttoutvalet, utvalet etter telefonintervju og nettoutvalet. Vi kjem seinare attende til kor vidt dette har ført til skeivskap i utvalet.

Tabell 4 Bruttoutval og nettoutval etter kjønn, alder og utdanning fordelt på stratum

	Fordeling i populasjonen		Fordeling i bruttoutvalet		Fordeling etter telefonintervju		Fordeling i nettoutvalet (telefon + postal)	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent
Stratum 1	8340	100,0	382	100	263	100	198	100
Menn, i alt	4358	52,3	203	53,1	146	55,5	104	52,5
18-24 år	510	6,1	17	4,5	11	4,2	8	4
25-44 år	1488	17,8	74	19,4	57	21,7	39	19,7
45-66 år	1651	19,8	76	19,9	56	21,3	41	20,7
67-79 år	645	7,7	34	8,9	21	8	16	8,1
80- år	64	0,8	2	0,5	1	0,4	0	0
Kvinner, i alt	3982	47,7	179	46,9	117	44,5	94	47,5
18-24 år	422	5,1	10	2,6	8	3	7	3,5
25-44 år	1334	16,0	43	11,3	34	12,9	26	13,1
45-66 år	1466	17,6	88	23	56	21,3	49	24,7
67-79 år	647	7,8	34	8,9	19	7,2	12	6,1
80- år	113	1,4	4	1	0	0	0	0

Utdanning, i alt	8340	100,0	382	100	263	100	198	100
Grunnskole	2421	29,0	127	33,2	75	28,5	52	26,3
Vidaregåande	4860	58,3	208	54,5	150	57	115	58,1
Univ./høgskole	986	11,8	44	11,5	37	14,1	31	15,7
Ikkje oppgjeve	73	0,9	3	0,8	1	0,4	0	0
Stratum 2	19752	100,0	372	100	263	100	211	100
Menn, i alt	10278	52,0	191	51,3	139	52,9	112	53,1
18-24 år	1245	6,3	19	5,1	11	4,2	6	2,8
25-44 år	3859	19,5	70	18,8	54	20,5	40	19
45-66 år	3846	19,5	76	20,4	58	22,1	51	24,2
67-79 år	1183	6,0	25	6,7	16	6,1	15	7,1
80- år	145	0,7	1	0,3	0	0	0	0
Kvinner, i alt	9474	48,0	181	48,7	124	47,1	99	46,9
18-24 år	1038	5,3	11	3	8	3	7	3,3
25-44 år	3513	17,8	62	16,7	43	16,3	34	16,1
45-66 år	3455	17,5	81	21,8	55	20,9	42	19,9
67-79 år	1266	6,4	23	6,2	16	6,1	15	7,1
80- år	202	1,0	4	1,1	2	0,8	1	0,5
Utdanning, i alt	19752	100,0	372	100	263	100	211	100
Grunnskole	4916	24,9	83	22,3	55	20,9	46	21,8
Vidaregåande	11765	59,6	229	61,6	163	62	129	61,1
Univ./høgskole	2830	14,3	53	14,2	44	16,7	35	16,6
Ikkje oppgjeve	241	1,2	7	1,9	1	0,4	1	0,5
Stratum 3	34398	100,0	423	100	274	100	211	100
Menn, i alt	17412	50,6	218	51,5	155	56,6	118	55,9
18-24 år	1993	5,8	29	6,9	22	8	9	4,3
25-44 år	6585	19,1	81	19,1	55	20,1	39	18,5
45-66 år	6393	18,6	82	19,4	58	21,2	52	24,6
67-79 år	2149	6,2	24	5,7	19	6,9	17	8,1
80- år	292	0,8	2	0,5	1	0,4	1	0,5
Kvinner, i alt	16986	49,4	205	48,5	119	43,4	93	44,1
18-24 år	1808	5,3	12	2,8	6	2,2	3	1,4
25-44 år	6186	18,0	74	17,5	54	19,7	42	19,9
45-66 år	6114	17,8	74	17,5	42	15,3	32	15,2
67-79 år	2503	7,3	43	10,2	17	6,2	16	7,6
80- år	375	1,1	2	0,5	0	0	0	0
Utdanning, i alt	34398	100,0	423	100	274	100	211	100
Grunnskole	8537	24,8	107	25,3	56	20,4	46	21,8
Vidaregåande	20719	60,2	239	56,5	156	56,9	113	53,6
Univ./høgskole	4842	14,1	65	15,4	61	22,3	52	24,6
Ikkje oppgjeve	300	0,9	12	2,8	1	0,4	0	0
Stratum 4	49520	100,0	409	100	269	100	192	100
Menn, i alt	24805	50,1	205	50,1	138	51,3	96	50
18-24 år	3175	6,4	23	5,6	16	5,9	9	4,7
25-44 år	9548	19,3	73	17,8	50	18,6	34	17,7
45-66 år	8946	18,1	81	19,8	54	20,1	38	19,8
67-79 år	2821	5,7	26	6,4	16	5,9	14	7,3
80- år	315	0,6	2	0,5	2	0,7	1	0,5
Kvinner, i alt	24715	49,9	204	49,9	131	48,7	96	50
18-24 år	2930	5,9	15	3,7	8	3	6	3,1
25-44 år	9125	18,4	75	18,3	52	19,3	34	17,7
45-66 år	8594	17,4	73	17,8	50	18,6	42	21,9
67-79 år	3486	7,0	37	9	21	7,8	14	7,3
80- år	580	1,2	4	1	0	0	0	0
Utdanning, i alt	49520	100,0	409	100	269	100	192	100
Grunnskole	10088	20,4	82	20	49	18,2	27	14,1
Vidaregåande	30181	60,9	261	63,8	168	62,5	125	65,1
Univ./høgskole	8695	17,6	61	14,9	50	18,6	40	20,8
Ikkje oppgjeve	556	1,1	5	1,2	2	0,7	0	0

Stratum 5	69448	100,0	392	100	277	100	204	100
Menn, i alt	34875	50,2	201	51,3	141	50,9	101	49,5
18-24 år	4350	6,3	20	5,1	16	5,8	9	4,4
25-44 år	13769	19,8	75	19,1	50	18,1	31	15,2
45-66 år	12520	18,0	75	19,1	55	19,9	44	21,6
67-79 år	3772	5,4	30	7,7	20	7,2	17	8,3
80- år	464	0,7	1	0,3	0	0	0	0
Kvinner, i alt	34573	49,8	191	48,7	136	49,1	103	50,5
18-24 år	4193	6,0	16	4,1	12	4,3	9	4,4
25-44 år	13057	18,8	62	15,8	50	18,1	38	18,6
45-66 år	12052	17,4	83	21,2	59	21,3	47	23
67-79 år	4498	6,5	26	6,6	14	5,1	8	3,9
80- år	773	1,1	4	1	1	0,4	1	0,5
Utdanning, i alt	69448	100,0	392	100	277	100	204	100
Grunnskole	14397	20,7	83	21,2	42	15,2	27	13,2
Vidaregåande	42353	61,0	245	62,5	184	66,4	135	66,2
Univ./høgskole	11988	17,3	59	15,1	50	18,1	41	20,1
Ikkje oppgjeve	710	1,0	5	1,3	1	0,4	1	0,5
Stratum 6	106069	100,0	394	100	264	100	199	100
Menn, i alt	52936	49,9	194	49,2	137	51,9	94	47,2
18-24 år	6495	6,1	16	4,1	10	3,8	6	3
25-44 år	21970	20,7	82	20,8	61	23,1	38	19,1
45-66 år	18796	17,7	77	19,5	52	19,7	39	19,6
67-79 år	5101	4,8	18	4,6	13	4,9	10	5
80- år	574	0,5	1	0,3	1	0,4	1	0,5
Kvinner, i alt	53133	50,1	200	50,8	127	48,1	105	52,8
18-24 år	6155	5,8	13	3,3	8	3	7	3,5
25-44 år	21752	20,5	74	18,8	53	20,1	39	19,6
45-66 år	18260	17,2	88	22,3	57	21,6	51	25,6
67-79 år	6024	5,7	25	6,3	9	3,4	8	4
80- år	942	0,9		0	0	0	0	0
Utdanning, i alt	106069	100,0	394	100	264	100	199	100
Grunnskole	19088	18,0	59	15	31	11,7	24	12,1
Vidaregåande	62429	58,9	244	61,9	161	61	116	58,3
Univ./høgskole	23428	22,1	88	22,3	71	26,9	59	29,6
Ikkje oppgjeve	1124	1,1	3	0,8	1	0,4	0	0
Stratum 7	199409	100,0	442	100	265	100	184	100
Menn, i alt	98966	49,6	227	51,4	144	54,3	103	56
18-24 år	11681	5,9	19	4,3	14	5,3	7	3,8
25-44 år	40044	20,1	93	21	56	21,1	40	21,7
45-66 år	35132	17,6	81	18,3	54	20,4	40	21,7
67-79 år	10719	5,4	32	7,2	20	7,5	16	8,7
80- år	1390	0,7	2	0,5	0	0	0	0
Kvinner, i alt	100443	50,4	215	48,6	121	45,7	81	44
18-24 år	11213	5,6	16	3,6	10	3,8	5	2,7
25-44 år	38579	19,3	76	17,2	46	17,4	32	17,4
45-66 år	35186	17,6	85	19,2	49	18,5	31	16,8
67-79 år	13338	6,7	34	7,7	16	6	13	7,1
80- år	2127	1,1	4	0,9	0	0	0	0
Utdanning, i alt	199409	100,0	442	100	265	100	184	100
Grunnskole	42059	21,1	99	22,4	48	18,1	28	15,2
Vidaregåande	117955	59,2	259	58,6	165	62,3	120	65,2
Univ./høgskole	37148	18,6	68	15,4	50	18,9	34	18,5
Ikkje oppgjeve	2247	1,1	16	3,6	2	0,8	2	1,1
Stratum 8	899632	100,0	445	100	316	100	226	100
Menn, i alt	441679	49,1	218	49	162	51,3	119	52,7
18-24 år	48390	5,4	36	8,1	32	10,1	16	7,1
25-44 år	203743	22,6	84	18,9	60	19	43	19
45-66 år	141946	15,8	77	17,3	56	17,7	47	20,8
67-79 år	42039	4,7	18	4	13	4,1	12	5,3

80- år	5561	0,6	3	0,7	1	0,3	1	0,4
Kvinner, i alt	457953	50,9	227	51	154	48,7	107	47,3
18-24 år	49457	5,5	39	8,8	30	9,5	19	8,4
25-44 år	197979	22,0	82	18,4	64	20,3	43	19
45-66 år	144380	16,0	71	16	47	14,9	36	15,9
67-79 år	56363	6,3	32	7,2	12	3,8	9	4
80- år	9774	1,1	3	0,7	1	0,3	0	0
Utdanning, i alt	899632	100,0	445	100	316	100	226	100
Grunnskole	142559	15,8	64	14,4	31	9,8	20	8,8
Vidaregåande	463153	51,5	258	58	191	60,4	131	58
Univ./høgskole	270193	30,0	113	25,4	92	29,1	74	32,7
Ikkje oppgjeve	23727	2,6	10	2,2	2	0,6	1	0,4

4.0 Datakvalitet

4.1 Skeivskap i utvalet

I og med at dette utvalet vart stratifisert på grunnlag av kommune, og at det deretter var trekt tilnærma like mange respondentar frå kvar kommune, innførde ein systematisk skeivskap i utvalet. Individua i populasjonen - innbyggjarane frå 18-80 år - hadde ulikt sannsyn for å bli trekte ut. Som nemnt vart utvalet trekt i to steg. Trekkinga av dei ulike kommunane i kvart stratum vart gjort av oppdragsgjevar. Sidan vart respondentane frå dei trekte kommunane trekte av SSB. Det var meir sannsynleg at ein person busett i ein kommune med få innbyggjarar vart trekt ut enn ein som bur i ein kommune med mange innbyggjarar. Årsaka til at ein valde å trekke utvalet på denne måten er at ein ville sikre seg tilstrekkeleg mange respondentar i kvar kommune til at ein kan analysere på kommunenivå. I analysar på nivå over kommunenivå vil det derfor vere nødvendig å korrigere for denne skeivskapen som oppstår på grunn av stratifiseringa og den disproporsjonale trekkinga av utvalet. Vi har difor rekna ut vektorer som tek omsyn til at trekkinga vart gjort i to steg, der det ikkje var like sannsynleg at ulike kommunar og respondentar innanfor kvar kommune vart trekte ut. Vektene for respondentar frå kommune i i stratum h er rekna ut etter formelen:

$$w_{ih} = \frac{1}{(k_h / K_h) * (n_i / N_i)}$$

der k_h er talet på kommunar som er trekte frå stratum h og K_h er talet på kommunar i alt i dette stratumet, n_i er bruttoutvalet i kommune i og N_i er talet på innbyggjarar i alderen 18-80 år i denne kommunen. Denne formelen gjev dei inverse trekkesannsyna, og verdiane står i tabell 5. Alle sett av tal som er proporsjonale med vektene i tabell 5 kan brukast som vektorer.

Tabell 5 Vektorer for respondentar i kvar kommune

Kommunenr	Kommune	Vekt (unormert)	Kommunenr	Kommune	Vekt (unormert)
0104	Moss	924,0466	1201	Bergen	4261,8490
0106	Fredrikstad	1163,5142	1219	Bømlo	717,2500
0125	Eidsberg	499,1429	1228	Odda	391,3438
0135	Råde	647,4057	1231	Ullensvang	843,1483
0136	Rygge	927,6071	1238	Kvam	415,1429
0137	Våler	843,6797	1243	Os	907,2500
0211	Vestby	889,1793	1246	Fjell	959,0625
0216	Nesodden	748,5142	1424	Årdal	685,1144
0237	Eidsvoll	931,9853	1430	Gaular	585,6094
0301	Oslo	9966,1170	1502	Molde	1101,3816
0412	Ringsaker	1036,3833	1535	Vestnes	637,6226
0418	Nord-Odal	482,4083	1543	Neset	685,8191
0419	Sør-Odal	729,9576	1601	Trondheim	2925,0815
0441	Os	495,8438	1621	Ørland	551,7005
0534	Gran	874,3725	1633	Osen	274,7969

0602	Drammen	963,9183	1702	Steinkjer	1213,3333
0605	Ringerike	1145,5153	1711	Meråker	458,2500
0626	Lier	1114,1176	1725	Namdalseid	366,8438
0706	Sandefjord	1369,5000	1740	Namsskogan	246,7826
0806	Skien	1659,0890	1804	Bodø	1649,7755
0807	Notodden	721,2629	1815	Vega	338,9681
0901	Risør	641,5339	1824	Vefsn	1014,6000
0926	Lillesand	446,2143	1833	Rana	946,0529
1001	Kristiansand	1334,0625	1859	Flakstad	343,1400
1017	Songdalen	524,9741	1865	Vågan	427,7264
1018	Søgne	357,9917	1866	Hadsel	353,4386
1102	Sandnes	881,4183	1868	Øksnes	1016,2819
1103	Stavanger	1907,0250	1940	Kåfjord - Gaivuotna	511,0385
1124	Sola	946,6500	2012	Alta	877,3469
1130	Strand	660,5408	2020	Porsanger	1018,2250
1144	Kvitsøy	123,6250	2025	Deatnu - Tana	745,8750
1149	Karmøy	1179,0042	2030	Sør-Varanger	444,8302

Det samla talet av personar det blir oppnådd intervju med kallast gjerne nettoutvalet. Delen bestående av differansen mellom bruttoutval og nettoutval kallast fråfall. Ut i frå tabell 3 såg vi at "Ønskjer ikkje å delta" er den viktigaste årsaka til fråfallet.

Det er ein fare for at fråfall kan føre til skeivskap mellom bruttoutvalet og nettoutvalet. Dette kan oppstå dersom fordelinga av eit særskilt kjennemerke for dei som faktisk vart intervjuja skil seg frå fordelinga for dei som vart freista intervjuja. Slik skeivskap kan føre til at nettoutvalet ikkje kan seiast å vere representativt for målgruppa. Likevel er det ikkje slik at skeivskap på eit kjennemerke nødvendigvis fører til skeivskap på andre kjennemerke, og sjølv om ein finn samsvar mellom nettoutvalet og bruttoutvalet på eitt eller fleire kjennemerke, er det ingen garanti for at nettoutvalet ikkje er skeivt i forhold til andre kjennemerke.

Ein kan og snakke om skeivskap i utvalet dersom fordelinga av eit bestemt kjennemerke er annleis i utvalet enn i populasjonen som utvalet er trekt frå. Utvalet i Undersøkinga om det lokale sjølvstyret vart trekt på grunnlag av registerdata oppdatert 01.01.01, noko som burde minske faren for skeivskap i utvalet. Tilfeldige utslag i trekkinga kan likevel føre til skeivskap, men ein har lite høve til å kontrollere dette dersom ein ikkje kjenner den faktiske fordelinga på alle kjennemerke i populasjonen.

Skeivskap som skuldast tilfeldige utslag av sjølvve trekkinga av utvalet er ikkje den type skeivskap vi bør leggje mest vekt på. Ein kan som regel ha som utgangspunkt at tilfeldige utslag ikkje vil gi systematiske skeivskapar, og at dei dermed ikkje er ein alvorleg kjelde til feil. Verre er det med skeivskapar mellom bruttoutvalet og nettoutvalet, der det er ein større risiko for at dei som svarar skil seg systematisk frå dei som ikkje svarar. Vidare vil vi derfor sjå nærare på om slike systematiske skilnader mellom bruttoutvalet og nettoutvalet.

Dersom vi ser attende til tabell 4 kan vi sjå om fråfallet har systematiske skeivskapar for kjenneteikna kjønn, alder og utdanning i kvart stratum. Der kan vi sjå at det for enkelte grupper er relativt store utslag mellom bruttoutvalet og nettoutvalet. Spesielt kan det sjå ut som om fordelinga på utdanningsvariabelen er systematisk endra i alle strata. I tabell 6 kan vi sjå fordelinga på dei same kjenneteikna for heile brutto- og nettoutvalet under eitt.

Tabell 6 Totalt bruttoutval og nettoutval etter kjønn, alder og utdanning

	Bruttoutval		Etter telefonintervju		Nettoutval		Differanse brutto - netto
	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent	
I alt	3259		2191		1625		
Menn, i alt	1657	50,8	1162	53,0	847	52,1	1,3
18-24 år	179	5,5	132	6,0	70	4,3	-1,2
25-44 år	632	19,4	443	20,2	304	18,7	-0,7
45-66 år	625	19,2	443	20,2	352	21,7	2,5
67-79 år	207	6,4	138	6,3	117	7,2	0,8
80- år	14	0,4	6	0,3	4	0,2	-0,2
Kvinner, i alt	1602	49,2	1029	47,0	778	47,9	-1,3
18-24 år	132	4,1	90	4,1	63	3,9	-0,2
25-44 år	548	16,8	396	18,1	288	17,7	0,9
45-66 år	643	19,7	415	18,9	330	20,3	0,6
67-79 år	254	7,8	124	5,7	95	5,8	-2,0
80- år	25	0,8	4	0,2	2	0,1	-0,7
Utdanning, i alt	3259	100,0	2191	100,0	1625	100	0,0
Grunnskole	704	21,6	387	17,7	270	16,6	-5,0
Vidaregåande	1943	59,6	1338	61,1	984	60,6	1,0
Univ./høgskole	551	16,9	455	20,8	367	22,6	5,7
Ikkje oppgjeve	61	1,9	11	0,5	4	0,2	-1,7

Dersom vi ser på fordelinga på dei same kjenneteikna for heile utvalet under eitt, vert det enda tydelegare at oppslutninga om undersøkinga varierte merkbar mellom ulike grupper i befolkninga. Av dei kjenneteikna der ein har informasjon om heile bruttoutvalet, synest spesielt utdanningsnivå å ha innverknad på kor vidt ein er villig til å delta. Det gjeld både for telefonintervjuet og det postale skjemaet. Forskjellen mellom bruttoutval og nettoutval (dei som returnerte postalt skjema) er på heile 5 prosentpoeng for dei med lågast utdanning, og 5,7 prosentpoeng for dei med høgast utdanning. Vidare ser ein at yngre svarar oftare enn eldre og at menn svarar oftare enn kvinner. Ein kan og sjå at dei aller yngste er noko mindre villige til å svare på det postale skjemaet enn dei midtarste aldersgruppene.

Det er berekna vektorer som korrigerer variasjonane i svarprosent. Ettersom ikkje berre nivået, men òg mønsteret i fråfallet er noko forskjellig for postalt skjema i høve til telefondelen, er det berekna separate vektsett for dei to delane. For det postale skjemaet er det rekna med 'brutto' fråfall, dvs. responsen er sett i høve til det trekte bruttoutvalet. Vektene er berekna som inverse av kor sannsynleg det er at ein enkelt person svarar. Kor sannsynleg det er at nokon svarar er estimert ved hjelp av prosedyren PROBIT i programmet SAS. I modellen har ein nytta følgjande uavhengige variablar:

Utdanningsnivå, 3 verdiar

- ungdomsskoleutdanning eller lågare, ingen eller ikkje oppgjeve utdanning
- utdanning på vidaregåande nivå
- utdanning på universitets- eller høgskolenivå

Kjønn og aldersgruppe

- mann 18-24 år
- mann 25-34 år
- mann 35-54 år
- mann 55-64 år
- mann 65-74 år
- mann 75 år og over
- kvinne 18-24 år
- kvinne 25-34 år
- kvinne 35-54 år
- kvinne 55-64 år
- kvinne 65-74 år
- kvinne 75 år og over

Tettleik på busetnaden i heimkommunen - under 10 prosent busett i tettbygd strøk
 til respondenten - 10,0 - 19,9 prosent busett i tettbygd strøk
 - osb.

Sentraliteten til heimkommunen - klassifisering av kommunane i 4 klassar i høve til reisetid
 til næraste tettstad med meir enn 5000 innbyggjarar, etter
 storleiken til tettstaden. Detaljert omtala i NOS C192

Stratum - inndeling i strata som brukt i denne undersøkinga

Tabell 7 Estimerte parametere i responsmodellane

Kjenneteikn	Telefonundersøkinga				Postal undersøking			
	Koeff.	St.avvik	χ^2	p-verdi	Koeff.	St.avvik	χ^2	p-verdi
Konstantledd	0,323	0,149	4,73	0,030	-0,129	0,153	0,709	0,400
Kjønn og aldersgruppe			51,27	0,000 ¹			75,10	0,000
Menn 18 - 24 år	0,773	0,159	23,64	0,000	0,210	0,163	1,67	0,197
Menn 25 - 34 år	0,476	0,144	10,99	0,001	0,189	0,151	1,56	0,211
Menn 35 - 54 år	0,739	0,131	31,79	0,000	0,631	0,139	20,70	0,000
Menn 55 - 64 år	0,751	0,150	25,20	0,000	0,698	0,155	20,39	0,000
Menn 65 - 74 år	0,724	0,154	22,13	0,000	0,864	0,160	29,23	0,000
Menn 75 - år	0,486	0,184	6,95	0,008	0,560	0,191	8,65	0,003
Kvinner 18 - 24 år	0,614	0,168	13,40	0,000	0,453	0,172	6,97	0,008
Kvinner 25 - 34 år	0,693	0,150	21,47	0,000	0,368	0,154	5,69	0,017
Kvinner 35 - 54 år	0,624	0,132	22,37	0,000	0,581	0,140	17,25	0,000
Kvinner 55 - 64 år	0,485	0,143	11,54	0,001	0,594	0,150	15,60	0,000
Kvinner 65 - 74 år	0,372	0,148	6,31	0,012	0,505	0,157	10,41	0,001
Kvinner 75 - år	----				----			
Utdanningsnivå			82,78	0,000			99,04	0,000
Ungdomsskole	-0,751	0,083	82,67	0,000	-0,774	0,078	98,74	0,000
Vidaregåande	-0,438	0,071	38,48	0,000	-0,392	0,064	37,76	0,000
Høgskole/universitet	----				----			
Tettleik på busetnaden			22,65	0,007			22,09	0,009
0 - 9,9 % tettbygd	-0,025	0,212	0,01	0,904	-0,063	0,203	0,10	0,757
10,0 - 19,9 % tettbygd	-0,084	0,169	0,25	0,618	-0,147	0,162	0,82	0,365
20,0 - 29,9 % tettbygd	0,224	0,149	2,25	0,133	0,228	0,143	2,51	0,113
30,0 - 39,9 % tettbygd	-0,220	0,147	2,22	0,136	-0,221	0,144	2,36	0,124
40,0 - 49,9 % tettbygd	0,231	0,123	3,53	0,060	0,122	0,120	1,05	0,307
50,0 - 59,9 % tettbygd	0,187	0,189	0,98	0,322	0,163	0,180	0,83	0,363
60,0 - 69,9 % tettbygd	0,061	0,116	0,27	0,602	0,075	0,113	0,44	0,506
70,0 - 79,9 % tettbygd	0,081	0,119	0,46	0,497	0,023	0,116	0,04	0,845
80,0 - 89,9 % tettbygd	0,228	0,106	4,66	0,031	0,197	0,102	3,69	0,055
90,0 - 100,0 % tettbygd	----				----			
Sentraliteten til kommunen			16,13	0,001			16,44	0,001
Ikkje sentral	-0,078	0,088	0,78	0,377	-0,068	0,085	0,64	0,423
Mindre sentral	0,170	0,101	2,80	0,095	0,120	0,096	1,57	0,211
Meir sentral	-0,269	0,082	10,84	0,001	-0,285	0,080	12,81	0,000
Mest sentral	----				----			
Stratum			18,03	0,012			17,63	0,134
1	0,129	0,186	0,48	0,487	0,195	0,177	1,21	0,272
2	0,128	0,160	0,64	0,424	0,284	0,153	3,44	0,063
3	-0,023	0,127	0,03	0,858	0,103	0,122	0,71	0,399
4	0,038	0,130	0,09	0,770	0,059	0,125	0,22	0,637
5	-0,241	0,124	3,79	0,052	-0,114	0,120	0,91	0,340
6	-0,250	0,136	3,38	0,066	-0,170	0,132	1,67	0,197
7	-0,153	0,108	2,00	0,157	-0,070	0,107	0,43	0,510
8	----				----			

¹ 0,000 tyder p-verdiar < 0,0005

Vektene som korrigerer for effekter av fråfall er spesifikke for kvar respondent. Vekter som korrigerer for ulike trekkesannsyn skal brukast dersom ein gjer analysar for to eller fleire kommunar. Fråfallsvektene kan ein velje å bruke i tillegg, eller late det vere. Ved tabellering eller analyse av

variablar som korrelerer med utdanningsnivå og kjønn-/aldersgruppe rår vi til at fråfallsvektene vert brukt.

4.2 Utryggleik og feilmarginar

Sidan resultatata i undersøkinga byggjer på opplysningar om eit utval av den populasjonen som blir dekt av undersøkinga, vil det vere ein viss utryggleik knytt til resultatata. Dette kallar vi utvalgsvarians. Når eit utval er trekt etter reglane for tilfeldig trekking, er det mogleg å bergkne kor stor ein kan vente at utvalgsvariansen blir.

Ein nyttar ofte standardavviket til den observerte verdien som mål på utryggleiken i resultatet knytt til eit kjennemerke. Storleiken på standardavviket avheng av talet på observasjonar, måten utvalet er trekt på og fordelinga til det aktuelle kjennemerket i populasjonen. Vi kjenner ikkje fordelinga i sjølve populasjonen, men vi kan berekne standardavviket til fordelinga i utvalet ved å nytte observasjonane i utvalet. I denne undersøkinga vart utvalet trekt i to steg, og SSB har ikkje berekna standardavviket spesielt i samband med denne. Tabell 6 syner storleiken på standardavviket for observerte prosentdelar med ulik storleik på utvalet i tverrsnittundersøkingar, og vi kan nytta denne som illustrasjon.

Tabell 8 Forventa standardavvik for observerte prosentdelar i ulike utval

n: \ P:	5/95	10/90	15/85	20/80	25/75	30/70	35/65	40/60	50/50
20	5,0	6,9	8,2	9,2	9,9	10,5	10,9	11,2	11,5
50	3,1	4,3	5,1	5,7	6,2	6,5	6,8	7,0	7,1
100	2,2	3,0	3,6	4,0	4,4	4,6	4,8	4,9	5,0
200	1,5	2,1	2,5	2,8	3,1	3,2	3,4	3,5	3,5
300	1,3	1,7	2,1	2,3	2,5	2,7	2,8	2,8	2,9
500	1,0	1,3	1,6	1,8	1,9	2,1	2,1	2,2	2,2
1000	0,7	0,9	1,1	1,3	1,4	1,4	1,5	1,5	1,6
1200	0,6	0,9	1,0	1,2	1,3	1,3	1,4	1,4	1,4
1500	0,6	0,8	0,9	1,0	1,1	1,2	1,2	1,3	1,3
2000	0,5	0,7	0,8	0,9	1,0	1,0	1,1	1,1	1,1
2500	0,4	0,6	0,7	0,8	0,9	0,9	1,0	1,0	1,0

Ved å nytta standardavviket er det mogleg å berekne eit intervall der ein veit bestemt kor sannsynleg det er at intervallet inneheld den sanne verdi av ein berekna storleik (altså den verdien vi ville ha fått dersom vi gjorde ei totaltelling i staden for ei utvalsundersøking). Desse intervalla vert kalla konfidensintervall dersom dei vert berekna på ein bestemt måte: Vi let M vere den berekna storleiken for eit kjenneteikn, og S vere eit anslag for standardavviket til M . Då vil konfidensintervallet med grensene ($M \pm 2S$) med om lag 95% tryggleik innehalde den sanne verdien for kjenneteiknet.

Vi kan illustrere dette med eit eksempel for å sjå korleis ein kan berekne konfidensintervall. For eit observert prosenttal på 20 er det berekna standardavviket 4,0 dersom ein har 100 observasjonar. Konfidensintervallet for den sanne verdien blir da $20 \pm 2 \times 4,0$. Det vil seie at den sanne verdien med 95% tryggleik kan seiast å ligge mellom 12% og 28%. Ved å studere tabell 6 ser ein at konfidensintervallet blir vidare dess færre observasjonar ein har og dess nærare ein er ei 50/50 fordeling på eit kjenneteikn i utvalet. Ein kan dessutan berekne konfidensintervall med andre nivå for tryggleiken. Høgare tryggleiksnivå vil gjere intervalla breiare, mens lågare nivå vil gjere dei smalare.

Ofte er det og ønskjeleg å samanlikne prosenttala for fleire grupper. Når to usikre tal vert samanlikna, vil utryggleiken for skilnaden mellom tala vere større en utryggleiken for eit enkelt tal. Standardavviket til forskjellen mellom to prosenttal er lik kvadratrotta av summen av kvadrata til standardavvik til dei enkelte tala. Når ein så har eit berekna standardavvik for skilnaden, kan ein konstruere konfidensintervall på same måte som skildra ovanfor.

4.3 Innsamlingsfeil og feil i handsaminga

I alle undersøkingar, uavhengig om det er totaltellingar eller utvalsundersøkingar, vil ein kunne finne svar som er feil. Feil kan oppstå både i samband med innsamlinga av data og i samband med sjølve handsaminga av dei innsamla data. Sidan vi i denne undersøkinga samla inn data både ved hjelp av

telefonintervju og postale spørjeskjema var det mange ulike operasjonar i gjennomføringa av undersøkinga. Dermed er talet på potensielle feilkjelder stort samanlikna med enklare undersøkingar.

Telefonintervjua føregjekk ved såkalla CATI-system. Her nyttar intervjuaren eit dataprogram der spørjeskjema er programert inn på førehand. Intervjuaren ringjer så til kvar enkelt respondent, les spørsmåla direkte frå dataskjermen, og registrerer svara direkte inn i programmet. Ein av fordelane ved dette systemet er at ein aukar høvet til å tilpasse spørsmåla til respondenten sin situasjon og kva respondenten har svart på tidlegare spørsmål. Dette gjer intervjusituasjonen enklare og meir nøyaktig enn dersom ein hadde nytta papirskjema. Vidare gir CATI-systemet høve til å kontrollere for konsistens mellom spørsmål. For kvart spørsmål er det i tillegg lagt inn grenser for gyldige verdiar. Dette er knytt saman i eit system for feilmeldingar dersom intervjuaren skulle taste inn svar utanfor dei gyldige verdiane, eller svar som ikkje er i samsvar med tidlegare spørsmål.

Alle desse sidene ved CATI-systemet gjer at vi minskar faren for feilregistrering av intervjuaren, ein styrer unna registrering av ugyldige verdiar og ein reduserer faren for fråfall på enkeltspørsmål ved at faren for hoppfeil vert redusert. Likevel er det ikkje slik at CATI-systemet kan hindre alle feil. Ein må til dømes alltid vere merksam på at dårleg formulering av spørsmål og svaralternativ, eventuelt dårleg samsvar mellom desse, kan redusere datakvaliteten. Faren for at ein intervjuar tastar inn feil svar er og sjølvsagt til stades.

I den postale delen av undersøkinga fekk respondentane tilsendt eit spørjeskjema på 16 A4-sider. Her får ein sjølvsagt større problem med å tilpasse spørsmåla til kvar enkelt respondent, og ein er avhengig av at respondenten sjølv følgjer dei hoppa som er angjeve i skjemaet. I det postale skjemaet i denne undersøkinga var det knytt hopp til berre tre spørsmål, og faren for hoppfeil skulle dermed vere liten. Kontrollar for konsistens og ugyldige verdiar kan gjerast i etterkant, men ein har lite høve til å rette opp feil. Faren for manglande verdiar på enkelte spørsmål er dessutan høgare enn ved telefonintervju. Ein kjelde til feil er og at respondenten svarar feil. Det kan skuldast problemer med å hugse attende i tid, men og mistyding av spørsmål og svaralternativ. Ein har dessutan ingen kontroll med kven som faktisk fyllet ut skjemaet, og ein kan ikkje forsikre seg om at den som svarar ikkje er påverka av ytre faktorar. No kan ein heller ikkje i særleg grad kontrollere for ytre faktorar når intervju ver gjort over telefon, så det er meir eit generelt problem enn eit spesifikt problem for postale undersøkingar. For sensitive og kompliserte spørsmål må ein dessutan regne med at respondentar kan gje feil svar. Ein kan likevel hevde at postale undersøkingar gjev betre svar på sensitive spørsmål enn andre innsamlingsmetodar sidan respondenten er meir anonym. Andre fordelar med postale skjema er at den som skal svare står fritt til å velje når han/hun skal svare, og kor lang tid han/hun vil bruke, noko som gjev respondenten betre tid til å tenkje og reflektere over spørsmåla, og som difor kan gje betre kvalitet på svara.

Når det gjeld feil som skuldast handsaminga, altså avvik mellom dei svar som vert registrert inn og verdiar som rapporterast ut, er faren størst ved registreringa av det postale skjema. I denne undersøkinga vart alle skjema registrert manuelt inn i eit dataprogram, og ein har ingen garanti for at ikkje nokre verdiar blei registrert feil i denne prosessen. I denne undersøkinga har ein søkt å unngå grove feil ved å legge inn kontrollar i dataprogrammet. For å unngå feil grunna høgt arbeidstempo har ein og løna dei som registrerte skjema på timebasis og ikkje på akkord. Som sagt kan og det skje feil når ein intervjuar per telefon. Gjennom ulike kontrollar har vi søkt å finne feil og rette opp desse.

